



Til

Lindås kommune Byggesak  
v/ Knut Bjørnevoll

Gjenpart til:

Geir Styve

Vår ref

2011225\_Soknad\_disp\_mindre-regandr.docx

Deres ref

Data

05.09.2014

## HELLEÅSEN BUSTADOMRÅDE

### SAK: MINDRE REGULERINGSENDRING/ DISP FRÅ GJELDANDE PLAN

Viser til Dykkar brev av 28.august.

Vi ser at det vart uheldig at vi sendte over ideskissa knytt til korleis vi mente området BK kunne sjå ut når det var ferdig utbygd. Særleg uheldig var det at mogelege vegendringar låg i kartet før det var endeleg prosjektert. Dykk har derfor fått inntrykk av at dei endringane som er planlagt er langt meir omfattande enn det som no er aktuelt.

Byggjesøknaden som vart sendt inn i februar var knytt til hovudvegen, VA-anlegg og grovplanering av BK. Det var ikkje meint at søknaden skulle inkludera avklaring knytt til endeleg utforming av BK. Vi vonar derfor at Dykk ved handsaming av søknad kan skilja mellom byggjeløyve og søknad om mindre reguleringsendring.

Pga alt som skjedde i prosessen i sommar, har vi både prosjektert ferdig det tekniske anlegget i området (levert teknisk avdeling) og vi har jobba vidare med områda for konsentrert busetnad - BK.



Figur 1 Utklipp av Godkjent plan for BK

Det er vurdering av dei endringane vi ynskjer å gjera i BK, vi tar opp i dette brevet. Dersom dykk finn at desse endringane er av så begrensa art, at Dykk kan handsama endringa som ein dispensasjon frå godkjent plan, er vi sjølvsagt taksame for ei slik løysning. Info om kva endringane reelt handlar om, finn ein i det etterfølgjande.

## AVKLARING OM MINDRE REGULERINGSENDRING FOR OMRÅDA BK I GODKJENT PLAN

Samanlikna med det som var vist i tidlegare, er forslag til utforming av BK vesentleg mindre opp mot godkjent plan.



Endring går i hovudsak ut på at vi ynskjer å flytte avkjørsel frå veg 1 inn i området. Dette er ei endring som betrar trafikktryggleiken i tillegg til at vegen ligg meir naturleg i terrenget. Området som då ligg igjen ut mot veg 1, har vi sett av til boss og poststativ. Resten av endringane er mindre interne forhold innanfor dei enkelte føremåla.

Figur 2 - Forslag til endring der. Veglinje frå godkjent regplan ligg under.



Vi vonar at Dykk ser at dette er berre er mindre og naturlege endringar knytt til detaljprosjekteringen av området.

Vonar at det er mogleg å gjera dette utan at det er naudsynt med ein omfattande prosess knytt til reguleringsendring.

Vi legg ved kopi av kartutsnitt.

Figur 3 - Slik plan vil sjå ut etter endring

Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart eller Dykk ynskjer eit møte om saka.

Venleg helsing  
for  
ADU Ingeniør Atle D. Utkilen'

  
Atle Utkilen